

**KONTROLLUTVALET I
ØRSKOG KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 2. juni 2014 kl. 16.00
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Inga Helen Støversten (i sak 10/14) og Egil Vestre

= **2 og 3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.
Frå Ørskog kommune møtte ordførar Torbjørn Fylling og rådmann Synnøve Vasstrand Synnes.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.
Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

**SAK 07/14
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 30. APRIL 2014**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 30. april 2014 blir godkjent.

**SAK 08/14
ÅRSMELDING 2013 – ØRSKOG KOMMUNE**

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 28.05.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2013 for Ørskog kommune til orientering.

SAK 09/14

KOMMUNEREKNESKAPEN 2013 – ØRSKOG KOMMUNE

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 28.05.2014

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Ørskog kommune sin rekneskap for 2013 blir godkjent.

SAK 10/14

OPPFØLGING AV TEMA FRÅ FØRRE MØTE

Det vart i førre møte stilt spørsmål frå leiar om Vegregulering Gausneset, om overgang frå 2 til 1 einingsleiar i skulane, eventuelt brev frå FAU ved Vaksvik barnehage til kontrollutvalet og anbudsprosess ved hestesenteret. Rådmannen orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka foreløpig til orientering.

SAK 11/14

SELSKAPSKONTROLL ÅRIM IKS

(Saka kom opp under eventuelt)

Det vart stilt spørsmål om status for dette arbeidet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det er ønskjeleg at arbeidet blir prioritert.

Knut Helge Vestre
leiar
(sign)

Inga Helen Støversten
nestleiar
(sign.)

Egil Vestre
medlem
(sign.)